



HAREID KOMMUNE

PLAN FOR HELSEMESSIG OG SOSIAL BEREDSKAP

Vedteken av Hareid kommunestyre 28. mai 2009

Planen har følgjande vedlegg som er ein del av planen:

1. Katastrofeplan
2. Smittevernplan
3. Retningslinjer for krise- og omsorgsgruppa

FORMÅL

Planen skal vere eit konkret hjelpemiddel i krise- og akuttsituasjonar. Den skal hjelpe til at Hareid kommune kan gi innbyggjarane sine nødvendige helse- og sosialtenester både under krig og ved kriser og katastrofar i fredstid.

AKTUELT LOVVERK

Særleg viktig for denne planen er:

Lov om helsemessig og sosial beredskap av 23.06.2000.

<http://www.lovdato.no/all/hl-20000623-056.html>

Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. etter lov om helsemessig beredskap av 23.07.2001

http://www.lovdato.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/lovdato/for/sf/ho/to-20010723-0881-0.html&emne=helsemessig*%20og*%20sosial*%20beredskap*&

HOVEDPRINSIPP

Ansvar: Den som har ansvar i normalsituasjonen har også ansvar ved ekstraordinære hendingar.

Likskap: Den organisasjonen/organiseringa som ein opererer med under kriser, skal være mest mulig lik den ein har til daglig.

Nærheit: Ein skal ta ansvar for krisa på lavast muleg nivå.

Plan for helsemessig og sosial beredskap er ein del av kommunen sin generelle beredskapsplan som er overordna denne planen. Ordførar og/eller rådmann skal alltid varslast når ein tar i bruk planen eller tilhøyrande delplanar. Ved behov for kommunale ressursar ut over det helse- og sosialtenestene aleine rår over, trer kommunen si kriseleiing leia av ordførar, i funksjon i samsvar med Plan for kriseleiing i Hareid kommune.

ROS-ANALYSE

Etter forskrifta skal planen bygge på ei ROS-analyse (Risiko- Og Sårbarheit). Etter kommuneplanen skal det utførast ei ROS-analyse for heile kommunen, men det er enno ikkje gjort innafor dei tidsfristar dette planarbeidet hadde.

Helse- og sosialtenesta ser følgjande hovedsituasjonar som det må planleggast for:

1. Alvorlege katastrofar.
Dette er ulukkeshendingar med større skadeomfang enn det vanleg legevakt normalt kan handtere. Døme kan vere trafikkulukker, industriulukker, brannar, båthavari mm. Det er utarbeidd ein eigen katastrofeplan som ligg ved denne planen. (vedlegg 1)
2. Epidemiar
Sjå eigen smittevernplan (vedlegg 2)
3. Brann i institusjonen.
Hadartun har sin eigen brannplan med varslings- og evakueringsrutiner. Planen står i perm på kvar avdeling. Avdelingsleiar er pålagt å gjennomgå den med alle nyttilsette og vikarar og alle tilsette kvart halvår. Det er planlagt å bruke Hareid barnehage som evakueringsstad ved eventuell storbrann. Institusjonen gjennomfører øvingar kvart år.
4. Langvarig straumbrot.
Hadartun har naudaggregat for nydelen av bygget. Dette vil ikkje dekke oppvarming,

slik at i kuldeperiode må pasientane halde senga, men alarmer, lys og dataanlegg vil virke. Ein vil måtte flytte pasientar frå område av institusjonen som er utan straum. Legekontoret har ikkje naudaggregat og må arbeide utan datasystem ved hjelp av lommelykter og liknande.

Heimetenestene må gå gjennom brukarane sine og vurdere om der er noken som vil trenge ekstra tilsyn i ein slik situasjon.

5. Psykososiale kriser.

Det er etablert ei krise- og omsorgsgruppe med eigne retningslinjer (vedlegg 3)

REVISJON OG ØVING

Når kommunen har gjennomført ei samla ROS-analyse, skal planen for helse- og sosialberedskap med tilhøyrande delplanar reviderast.

Planen skal reviderast administrativt årleg og leggjast fram for ny politisk godkjenning kvart 4. år. Brannøving ved institusjonen skal haldast kvart år. Det blir elles ikkje lagt opp til øvingar i regi av helse- og sosialtenesta, men deltakarar herifrå må ta del i kommunale øvingar eller øving arrangert av andre instansar.